

# BRANNTTEKNISK STRATEGI FOR PROSJEKT 240471 – Røysekattlie 18 ( 70/130 og 184 Lom kommune)

## Anbudsgrunnlag

### 0. Generelt

Dette dokumentet er meint som strategi for tilbudsphase, Fullstendig konsept må utarbeidast av totalentreprenøren.

Bygga skal nyttast som omsorgsbustadar

### 1. Branntekniske krav etter TEK17/ VTEK17 – Kapittel 11 Sikkerhet ved brann

Utdrag av preaksepterte løysingar for dette prosjektet:

§ 11-1	<b>Generelle krav til sikkerhet ved brann</b>	Byggverk skal prosjekteres og utføres slik at det oppnås tilfredsstillende sikkerhet ved brann for personer som oppholder seg i eller på byggverket, for materielle verdier og for miljø- og samfunnsmessige forhold.
§ 11-2	<b>Risikoklasser</b>	
	Omsorgsbustadar	Risikoklasse 6
§ 11-3	<b>Brannklasser</b>	
	Bygg i 2 etasjar	Brannklasse 1 (BKL 1) Bustadbygg i risikoklasse 6 i to etasjer kan oppførast i brannklasse 1.
§ 11-4	<b>Bæreevne og stabilitet</b>	
	Berande hovudsystem	Brannklasse 1: R30 Konstruksjonar som understøtter branncelleavgrensande konstruksjonar må ha brannmotstand R30.
	Sekundære berande bygn.delar, etg.skillarar	R 30
	Utvendig trappeløp	Sjå § 11-14 vedkomande svalgang
§ 11-5	<b>Sikkerhet ved eksplosjon</b>	Ikkje aktuell
§ 11-6	<b>Tiltak mot spredning mellom byggverk</b>	Avstand mellom bygg er større enn 8 meter.
§ 11-7	<b>Brannseksjoner</b>	Ikkje aktuell
§ 11-8	<b>Brannceller</b>	Generelt: EI30 Mot garasje: EI60
	Brannmotstand til dører i branncellebegrensande vegger	Generelt: EI30 Sa Mellom trapperom og rømningsveg: E 30 CSa Mellom garasje og bod EI60 CSa Mellom garasje og teknisk rom: EI60 Sa
	Brannspredning mellom brannceller på ulike plan	Ikkje aktuell grunna sprinkling av bygg
§ 11-9	<b>Materialer og produkters egenskaper ved brann</b>	<b>Tabell 1A: Ytelser til overflater og kledninger (BKL 1)</b>
	Hovudklassene i Euroklassesystemet er; A1, A2, B, C, D, E og F. Klasse A1 er ikkje brennbart materiale, og vil ikkje bidra i nokon stadium av brann. Klasse A2 er f.eks. gipsplater (A2- s1,d0) og kan difor bidra med røyk- og partiklar. Klasse B er begrenset brennbart materiale som f.eks. brannimpregnert tre.	

<p style="text-align: center;"><b>- EUROKLASSE SYSTEMET -</b></p> <div style="text-align: center;"> <p>EUROKLASSE</p> <p>B C D</p> <p>Røykindeks -s1, -s2, -s3,</p> <p>Brennende partikler d0 d1 d2</p> <p>Høyeste oppnåelige klasse for brennbart materiale. <b>B-s1,d0</b> Brannpanel</p> </div> <p>Underklassene er s1, s2 og s3 for røykproduksjon, og d0, d1 og d2 for brennende dråpar. Klasse s1 betyr at produktet gir liten røykproduksjon. Klasse d0 betyr at det ikkje oppstår flammande dråpar eller partiklar.</p> <p>Taktekning må tilfredsstillе klasse <math>B_{ROOF}(t_2)</math> [Ta]</p>		
	Overflater i brannceller som <b>ikkje</b> er rømningsveg	B-s1,d0 [In 1]
	Overflater i brannceller som <b>er</b> rømningsveg	B-s1,d0 [In 1]
	Overflate ytterkledningar	D-s3,d0 [Ut 2]
	Overflate ytterkledningar svalgang	B-s3,d0 [Ut 1]
	Overflate golv	Dfl-s1 [G]
	Kledningar i branncelle som ikkje er rømningsveg:	K <sub>2</sub> 10 B-s1,d0 [K1]
	Kledningar i branncelle som er rømningsveg samt sjakter:	K <sub>2</sub> 10 A2-s1,d0 [K1-A]
<b>§11-10</b>	<b>Tekniske installasjoner</b>	(1) Tekniske installasjoner skal prosjekteres og utføres slik at installasjonen ikke øker faren vesentlig for at brann oppstår eller at brann og røyk sprer seg.
<b>§11-11</b>	<b>Generelle krav om rømning og redning</b>	<p>Rømning i byggverk kan delast inn i tre fasar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Forflytning inne i branncella ein rømmer frå. Dette er ikkje del av rømningsveg.</li> <li>▪ Forflytning i korridor/svalgang (rømningsveg).</li> <li>▪ Forflytning i trapperom (rømningsveg) til utgang.</li> </ul> <p>For bygga som er i ein etasje har direkte utgang til det fri.</p> <p>For bygget som er i to etasjar vil bueiningar og personalavdeling på plan 1 ha direkte utgang til det fri.</p> <p>For plan 2 vil bueiningane og fellesareal ha direkte utgang til det fri med unntak av to bueiningar som vil ha rømning via svalgang til utvendig tapp og trapperom.</p>
<b>§11-12</b>	<b>Tiltak for å påverke rømnings- og redningstider</b>	
	Krav om sprinkleranlegg	Bygget må fullsprinklast.

	Krav om brannalarmanlegg	Det må installerast brannalarm kategori 2 med direkte varsling til brannvesenet.
	Krav om ledesystem	Det må vere utmarkeringslys til og i trapperom
<b>§11-13</b>	<b>Utgang frå branncelle</b>	<p>For bygga som er i ein etasje har direkte utgang til det fri.</p> <p>For bygget som er i to etasjar vil bueiningar og personalavdeling på plan 1 ha direkte utgang til det fri.</p> <p>For plan 2 vil bueiningane og fellesareal ha direkte utgang til det fri med unntak av to bueiningar som har utgang til svalgang</p>
	Trapperom	Eitt trapperom som må utførast som Tr2
	Dør frå branncelle til rømningsveg	Risikoklasse 6 – fri breidde min 0,9m (0,86m).
<b>§11-14</b>	<b>Rømningsvei</b>	<p>Her er trapperom og sluser til trapperom definert som rømningsveg. I tillegg vil svalgang på plan 2 vere rømningsveg.</p> <p>Krav til svalgangen som rømningsveg:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Svalgangen må være mest mulig åpen slik at røyk- og branngasser kan unnslippe. Om den åpne delen er 50 prosent av den totale «veggflaten», antas dette å være tilfredsstillende. Det er den øverste delen av veggflatene som må være åpen. Åpning i rekkverk er ikke å anse som åpent areal.</li> <li>2. Gulvet i svalgang må være utført som branncellebegrensende konstruksjon med overflate <math>D_{fl-s1}</math> (G). Kledning på vegg og tak må være som for rømningsvei. Overflaten kan være B-s3,d0 (Ut 1).</li> <li>3. Svalgang må være minimum 1,20 meter bred for at den skal fungere som flammeskjerm.</li> <li>4. Dekke og takutstikk over svalgang må utføres horisontalt og tett (mot for eksempel oppforet tak eller kaldt loft) slik at røyk- og branngasser kan slippe uhindret ut til det fri.</li> <li>5. Trappene må være beskyttet mot strålevarme fra en eventuell brann i byggverket. Derfor må enten de trapperomsveggene som vender mot byggverket eller byggverkets yttervegg mot trappen og 5,0 meter til hver side for denne, være utført som branncellebegrensende konstruksjon</li> </ol>
<b>§11-16</b>	<b>Tilrettelegging for manuell sløkking</b>	<p>Byggverk skal vere tilrettelagt for effektiv manuell sløkking av brann.</p> <p>Byggverk i risikoklasse 6 hvor det er trykkvann, må ha brannslange.</p> <p>I boligane kan det benyttes formstabil brannslange med innvendig diameter på minimum 10 mm.</p>

§11-17	Tilrettelegging for rednings- og slokkemannskap	(1) Byggverk skal plasseres og utformes slik at rednings- og slokkemannskap, med nødvendig utstyr, har brukbar tilgjengelighet til og i byggverket for rednings- og slokkeinnsats.  Her er det god tilkomst til bygget frå fylkesveg 467
	Parkeringskjellar	Ikkje aktuell
	Vassforsyning til brannsløkking (brannvesenet)	Det må etablerast brannhydrant: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Brannkum eller hydrant må plasseres innenfor 25-50 meter fra inngangen til hovedangrepsvei.</li> <li>2. Det må være tilstrekkelig antall brannkummer eller hydranter slik at alle deler av byggverket dekkes.</li> <li>3. Slokkevannskapasiteten må være minst 3000 liter per minutt, fordelt på minst to uttak.</li> </ol>

**Utført av:**

Siviling. Lars Etterdal  
27.05.2026

**Kontrollert av:**

Siviling. Ivar Bjarte Nord  
21.05.2026

Vedlegg; brannteknisk teikningar.